



Kvinge Grendalag  
Nordre Kvinge  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/522 - 21/52

Saksbehandlar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
07.01.2021

## Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for bygging av universell tilkomst på gnr 37 bnr 3,7 og 8 til dagsturhytta

Vi syner til søknad motteke den 16.12.2020.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 001/2021**

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon for bygging av universell tilkomst på gnr 37 bnr 3,7 og 8 til dagsturhytta.

**Grunngjeving:** Mange er avhengig av å få lagt til rette for å kunne vere aktiv. Tilrettelegging for universell tilkomst til dagsturhytta vil verke positivt på folkehelsa, og gjere at fleire i alle aldrar kjem seg ut i naturen. Ved å gje dispensasjon for desse tiltaka vil ein gjere eit større område med natur, strand og sjø tilgjengeleg for ålmenta. Spesielt viktig er det for dei gruppene som ellers ikkje vil kunna koma seg ut i naturen. Tiltaka vil ikkje privatisera området, heller tvert i mot. Omsøkte tiltak vil kunne tilbakeførast enkelt dersom hytta og anlegga i framtida ikkje lenger skal nyttast av ålementa. Omsøkt tiltak vil ikkje medføre konsekvensar for landbruksomsynet. Det er heller ingen konflikt med det biologiske mangfaldet, kulturminne, landskap eller strandsoneinteresse i dette området.

**Heimel:** Plan- og bygningslova § 19-2 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## **Saksutgreiing:**

### **1. Bakgrunn**

Det er i søknad mottatt 16.12.2020 søkt om dispensasjon for etablering av universell tilkomst til dagsturhytta på gbnr 37/3.

### **2. Uttale**

Søknaden vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland den 18.12.2020. Kommunen mottok uttale datert 06.01.2021 der det mellom anna står fylgjande: «Vi er i utgangspunktet positivt til at tilkomst til dagsturhytta vert universelt uforma om dette kan gjerast utan at verdiane i området vert råka. Vi vil likevel presisere at ein veg igjennom eit urørt område som dette, kan vere negativ for landskap og naturmangfald. Området er i dag så godt som urørt. Slike urørte område er viktig for både naturmangfald og friluftsjnteresser. Naturverdiar i området må vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Søknaden er lite utfyllande på korleis vegen skal byggast. Søknaden må vere tydelegare på både terrenginngrep og utforming. Vi kan ikkje ta endeleg stilling til vegen før dette er klarlagt. Vi oppfattar likevel inngrepa som omfattande, særleg i strandsona.

Det er det viktig at det vert gjort ei grundig avveging av mogleg interessekonfliktar i området. Vurderinga av naturmangfaldsverdiar og landskapsverknadar er sentralt. Kommunen må òg vurdere kva forventingar ei slik omfattande bygging av turveg kan få for tilsvarande søknadar knytt til andre turområde i kommunen. Før ein kan gjere vedtak i saka må ein klarare skildring av inngrepa vere på plass. Det må gjerast ei grundig vurdering av verknadene for landskap, friluftsliv og naturmangfald.

Statsforvaltaren i Vestland si foreløpige vurdering er at om ein skal leggje opp til universell utforma tilkomst, må dette gjerast på ein mest mogleg skånsam måte. Det bør også vere mogleg å fjerne tiltaka utan varige sår i terrenget.

### **3. Fakta**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen og frå plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av universell tilkomst til dagsturhytta på gbnr 37/3. Tiltaka vil gå over gnr 37 bnr 3,7 og 8.

Hausten 2020 fekk Masfjorden kommune i samarbeid med Vestland Fylkeskommune levert og sett opp dagsturhytte i Grøttneset mellom Mjanger og Kvingo. Plassering av hytta er gjort med tanke på at alle grupper av folket skal kunne nytte dette tilbodet.

No er det planlagt å få realisert universell tilkomst til hytta, stranda og sjøen.

Det er søkt dispensasjon for å gjennomføre fylgjande tiltak for etablering av universell tilkomst til dagsturhytta:

- Byggje universell gangveg i strandsona med anlegg på land for tilkomst til badeplass, fiskeplass og flytebyggje.
- Leggje ut flytebyggje for enklare tilkomst til og frå sjøen, også for funksjonshemma.
- Oppgradering av traktorveg og bygging av universell tilpassa gangveg i areal med LNF-føremål.

Frå parkeringsplass på Bakken er det planlagt oppgradering av eksisterande traktorveg på 500 meter for rullestolbruk. Traktorveg er ein tidlegare etablert landbruksveg med 3 meter breidd. Vidare er det planlagt universell utforma gangveg på 925 meter, slik at det blir universell tilrettelagt gangveg frå parkeringsplass og heilt fram til dagsturhytta.

For at funksjonshemma skal kunne kome sjøvegen til dagsturhytta og til sjøen med badestrand, fiskeplass og flytebryggje må det byggjast ein gangveg på om lag 145 meter. Gangveg vil verte bygd i samsvar med rettleiar frå «Kultur- og kirkedepartementet punkt 1.2 Beskrivelse av turvegar, løyper og stier». Vegen vil følgje terrenget og det vil verte gjort minst mogleg terrenginngrep.

Den siste delen av gangvegen vil gå langs stranda. Det ligg ein holme tett ved land og denne er godt eigna for å kunne etablere gangbru frå veg og ut til landgang til flytebryggje. Gangbru vert ca 15 meter lang. Det er enkle tilhøve for å fundamentera og byggje ei bru i tre. På utsida av holmen vil det då verte ankra opp ei flytebryggje på 4 x 6 meter. På brygga vil det verte tilrettelagt for at funksjonshemma kan koma til/frå båt.



**Vurdering etter naturmangfaldslova:** Det følgjer av naturmangfaldslova § 7 at ved all offentleg myndigheit som berører naturmangfald, skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn. Ved beslutning som berører forekomst av utvalgt naturtype, skal det alltid takast særleg omsyn til denne, slik at forringing av naturtypens utbreiing og forekomst vert unngått.

Det er gjennomført søk på kart.naturbase.no. Det er ikkje registrert naturtypar innanfor område for planlagte tiltak som er spesielt viktig for biologisk og landskapsmessige forhold. Det er ikkje registrert prioriterte artar, truande eller nær truande artar på Norsk raudliste for artar i område. Kravet til kunnskapsgrunnlaget ser kommunen på som oppfylt jf naturmangfaldslova § 8. Det betyr at føre-var-prinsippet ikkje kjem til anvending. Målet med føre-var-prinsippet er å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet utfrå kjend kunnskap. Det er ikkje grunn til å anta at det vil vere trua naturtype eller trua dyreartar i det aktuelle område.

Naturmangfald vert ikkje vesentleg berørt av tiltaka, og det kan ikkje påvisast konkrete negative effektar av tiltaket på verdifull natur. Ved etablering av gangsti vil det medføre at vegetasjonen under traseen vil gå tapt. Arbeidet vert gjennomført så skånsomt som mogleg. Aktuelle tiltak vil ikkje føre til store inngrep i naturen og alle tiltake kan tilbakeførast enkelt dersom hytta og anlegga i framtida ikkje lenger skal nyttast av ålementa.

**Uttale frå landbruk:** Det som er postivt og eit viktig moment til å godkjenna vegen er at plasseringa er på impediment/myr nesten heile vegen. Etter bygging er den særst godt tilpassa terrenget. Ingen merknader til sløyfa ned til sjø og flytebrygge.

Desse tiltaka som er nemnd ovanfor er teikna inn på situasjonskart under.





## Vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gjeve dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylt før ein kan gje dispensasjon. Etter forarbeida vil det normalt ikkje vere anledning til å gjeve dispensasjon når hensyna bak bestemminga det søkast dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Vedrørande dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Mange er avhengig av å få lagt til rette for å kunne vere aktiv. Tilretteleggjing for universell tilkomst til dagsturhytta vil verke positivt på folkehelsa, og gjere at fleire i alle aldrar kjem seg ut i naturen. Ved å gje dispensasjon for desse tiltaka vil ein gjere eit større område med natur, strand og sjø tilgjengeleg for ålmenta. Spesielt viktig er det for dei gruppene som elles ikkje vil kunna koma seg ut i naturen. Tiltaka vil ikkje privatisera området, heller tvert i mot. Omsøkte tiltak vil kunne tilbakeførast enkelt dersom hytta og anlegga i framtida ikkje lenger skal nyttast av ålmenta. Omsøkt tiltak vil ikkje medføre konsekvensar for

landbruksomsynet. Det er heller ingen konflikt med det biologiske mangfaldet, kulturminne, landskap eller strandsoneinteresse i dette området.

Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til kommuneplanen sin arealdel, nærleik til sjø og forbod mot tiltak i 100-meters beltet i strandsona (pbl § 1-8), samt omsynet til natur, miljø, landbruk og friluftsliv.

Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

## **5. Konklusjon**

Masfjorden kommune ved rådmann viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon for etablering av tilkomst på gnr 37 bnr 3,7 og 8 til dagsturhytta for ålmenta på gbnr 37/3.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### **Mottakarar:**

Kvinge Grendalag

Nordre Kvinge

5981

MASFJORDNES